



## Styret i Utdanningsforbundet Ulstein sitt innspel til framtidig skulestruktur i Ulstein kommune

Styret i Utdanningsforbundet i Ulstein meiner at vi må halde fram med å satse på Ulsteinskulen, slik at vi framleis kan levere høg kvalitet på undervisning og gode resultat for trivsel og læring. Fokus må alltid vere barnet sitt beste. Vi må halde på lærartettleiken i skulane og ressursane til spesialundervisninga, for å ta vare på alle elevar, også dei mest sårbare. Det er viktig å hugse at lærarnorma er eit absolutt minimumskrav. Vi må også jobbe for å levere god spesialundervisning i tråd med gjeldande lovverk, oppdatert pedagogikk og forskning. Ulstein kommune må syte for at alle lærarar får høve til å ta del i ein profesjonsfellesskap. Det er eit sentralt poeng at lærarane sine arbeidstilhøve er av ein slik karakter, at dei ikkje opplever auka belastning. Gode arbeidstilhøve for dei pedagogisk tilsette i skulen, generer vidare gode arbeidstilhøve for barn og deira sitt høve til å oppleve trivsel, læring og utvikling i trygge og gode omgjevnadar.

Venleg helsing

Hedvig Haakonsholm

lokallagsleiar i Utdanningsforbundet Ulstein